



Slik ser lagerbygningen ut etter brannen i natt. Også nokre båtar som låg rundt den vart øydelagde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein gamal lagerbygning nedanfor Betongvarer ved Sandvika i Omvikdalen vart totalskada av brann natt til fredag.

. Branntroppen i Rosendal rykka ut klokka halv eitt og hadde brannen under kontroll to timar seinare, melder innsida.no.

I dag står berre skjelettet av bygningen igjen og delar av taket er rast saman.

Korleis brannen starta veit ein ikkje, og lensmannskontoret skal undersøkje brannstaden over helga, når arbeidet ikkje blir vanskeleggjort av eventuelle skadelege gassar.

Det var full fyr i bygningen og nokre båtar like ved då brannmannskapa kom. Det brann både i båtar som låg på land og minst ein som låg på sjøen.

Inne i lageret var det nokre livbåtar som gjekk med i brannen.

Det var lagra diesel og spillolje i huset og det kom nokre mindre eksplosjonar under brannen, som særleg herja i første høgda. Men det brann også i andre høgda.

Riksvegen var stengd ei stund medan slökkjingsarbeidet pågjekk.